

Betalingssatser Skolefritidsordning (SFO)

Søskenmoderasjon: 50% reduksjon for barn nr.2 eller flere

Foreldrebetaling pr. måned:	Sats 2020	Sats 2021	Endring
Over 15 t pr. uke	Kr. 2 467	Kr. 2 534	2,7%
Inntil 15 t pr. uke	Kr. 1 805	Kr. 1 854	2,7%
Kun onsdager (Midtbygda og Drivdalen)	Kr. 1 000	Kr. 1 027	2,7%
2 ettermiddager	Kr. 901	Kr. 925	2,7%
Tilleggsdager	Kr. 487	Kr. 500	2,7%
Enkelttimer	Kr. 114	Kr. 117	2,7%
Matpenger	Kr. 244	Kr. 250	2,7%
Matpenger kun onsdager eller 2 ettermiddager	Kr. 122	Kr. 125	2,7%

Lovhjemmel:

Opplæringslova § 13-7 Skolefritidsordning

Forskrift til opplæringslova Kapittel 1B. Skolefritidsordninga

§ 1B-1.Reduksjon i foreldrebetalinga på grunn av familiens inntekt for elevar på 1. og 2. årstrinn

Kommunen skal etter søknad gi reduksjon i foreldrebetalinga for skolefritidsordninga på 1. og 2. årstrinn slik at den per elev utgjør maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet, dersom:

- foreldrebetalinga for eitt skoleår utgjør meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet det siste året, eller
 - det er ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skoleår utgjør meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet.
- For søknader før 1. august gjeld kommunen sitt vedtak frå 1. august og ut skoleåret. Blir det søkt etter 1. august, gjeld vedtaket frå første heile måned etter søknadstidspunktet og ut skoleåret.

Betaling for kost kan komme i tillegg.

Reduksjon i foreldrebetalinga på grunn av familiens inntekt for elevar på 3. og 4. årstrinn

I statsbudsjettet 2021 foreslås at at ordningen med inntektsgradert foreldrebetaling utvides til også å gjelde elevar på 3. og 4.trinn fra august 2021.

§ 1B-2.Søknadsbehandlinga til kommunen i saker om reduksjon av foreldrebetaling

Kommunen kan, utan hinder av teieplikta, innhente grunnlaget for siste fastsetjing av formues- og inntektsskatt for hushaldet frå skattestyresmaktene for å dokumentere inntektene til hushaldet for det siste året, jf. skatteforvaltningsforskriften § 3-3-1 andre ledd bokstav a. Kommunen kan innhente slike opplysningar og gjere nye vedtak om redusert foreldrebetaling i heile den tida søknaden gjeld.

Med hushald meiner ein i dette kapittelet ektefellar, registrerte partnerar og sambuarar. Som sambuarar reknar ein to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månedene, eller har felles barn. Dersom søkjar er sambuar utan felles barn, må søkjar opplyse kommunen om dette.

Med inntektene til hushaldet meiner ein i dette kapittelet hushaldet si samla brutto personinntekt etter skattelova kapittel 12 og skattepliktige kapitalinntekt.

Dersom foreldra til barnet bur kvar for seg, og barnet bur fast hos begge foreldra, er det inntekta til hushaldet til den forelderen som har same folkeregistrerte adresse som barnet, som skal leggjast til grunn i vurderingane etter denne føresegna.

Dersom grunnlaget for siste fastsetjing av formues- og inntektsskatt for hushaldet ikkje kan utleverast av skattestyresmaktene, og kommunen av den grunn ikkje klarer å fatte vedtak før 1. august, skal kommunen be søkjar om å levere skattemeldinga for det siste året og eventuell skattepliktig kapital- eller personinntekt som ikkje er førehandsutfylt.

§ 1B-3. Gratis skolefritidsordning for barn med særskilde behov på 5.–7. årstrinn

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning for barn med særskilde behov på 1.–7. årstrinn, jf. opplæringslova § 13-7 første ledd. Tilbodet på 5.–7. årstrinn skal vere gratis. Kommunen kan likevel krevje betaling for kost.

Ny ordning: Reduksjon i foreldrebetalinga på grunn av familiens inntekt for elevar på 3. og 4. årstrinn

I statsbudsjettet 2021 foreslås at ordningen med inntektsgradert foreldrebetaling utvides til også å gjelde elevar på 3. og 4. trinn fra august 2021. Dette forutsetter vedtak i Stortinget.